



**I morgon er det klart for vårens gåvedryss frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad. Det skjer i Kulturhuset Husnes kl.18. Mellom dei som får gåve er Kvinnherad idrettsråd. Dei vert tildelt 40.000 kroner, og dei skal brukast til medaljar i Kvinnheradsmeisterskap i ulike idrettsdisiplinar.**

Tidlegare har Kvinnherad Sparebank organisert dette, men no som banken har gått inn i SR-bank, tek idrettsrådet over oppgåva med å administrere ordninga. Idrettsrådet melder at Kvinnheradstiftinga gir dei ein flygande start med ei gåve på heile 40.000,- kroner til føremålet!  
Etter tildelinga vert eit opplag medaljar i tre valørar tinga hjå leverandøren, og styret vil laga til ei ordning slik at klubbar og lag kan få tak i flotte medaljar til dei ulike kvinnheradsmeisterskapa som vert avvikla.

Dermed er ein sikra at tradisjonen med eigne medaljar til Kvinnheradmeistrar i idrett kan halda fram.

Vi kjenner også til at andre lag og organisasjonar frå bygda, og grupper med medlemmer og brukarar frå Uskedalen, vil få tildelt gåve onsdag kveld. Dette kjem vi tilbake til etter utdelinga.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland